

nytt

Eige base-akademi

Saga Fjordbase AS er i gang med ei eiga opplæringsordning som har fått namnet «Base Akademi». Rundt 150 personar har delteke på første del, melder INC Nytt. Oljebasen i Florø er den einaste med ei slik opplæring.

– Poenget med akademiet er å systematisere og dokumentere opplæringa vi gir, og å sikre at alle har fått opplæring i dei jobbane dei blir sett til å gjere, fortel Rolf P. Pedersen, leiar for basedrift i Saga Fjordbase.

Klondyke-tilstandar då Elkjøp

■ Selde for 125.000 på 35 minutt

FLORØ: Det vart trengt om plassen då Elkjøp opna sitt 1000 kvadratmeter store, nye varehus i Florø måndag.

DAVID E. ANTONSEN
david@firdaposten.no

– Dette er vanvittig gøy. Det er ikkje anna å seie.

Det seier ein lettare stressa varehussjef Thor Eliassen i Elkjøp Florø, etter eit kundeinnrykk ein sjeldan ser under ei butikkopning i Florø.

Lange køar

For det var lange køar utanfor butikken lenge før Eliassen opna dørene klokka 10.00. Og vel inne i varehuset vart det nærast Klondyke-tilstandar over tilbudsvarerene. Før ti minutt var gått, var heile 20 laptopar rivne vekk frå hyllene. Det danna seg også lange køar ved begge kassene, køar som strekte seg heilt til andre sida av lokalet.

– Dette er heilt fantastisk. I løpet av dei 35 minutt vi har hatt oppe har vi selt varer for 125.000 kroner, registrerer Eliassen som hadde eit svare strev med å ekspedere kundar og samstundes bestille inn meir varer til eit lager som vart mindre og mindre minutt for minutt.

Utvida med 200 m²

Etter relativt få dagar med oppussingsarbeid er Elkjøp sitt bygg i Fugleskjærgata mykje større enn det tidlegare var. Varehuset er utvida med 200 kvadratmeter til 1000, og har mellom anna det som kan vere Sogn og Fjordane sin største vegg med fjernsyn.

Elkjøp har også bygd ein eigen serviceskranke for data- og elektronikkreparasjonar og -service. I tillegg har dei ei eiga avdeling for Apple sine Mac-maskiner. Dette

ELKJØP FLORØ

- Ein av tre Elkjøp-butikkar i fylket.
- Har vore i Florø i 10 år, og har no utvida lokalet med 200 m² til 1000m².
- Hadde ei omsetning på 36 millionar kroner i fjor, mot 38 millionar kroner året før.

er noko det har vore stor etterspurnad etter lenge.

Vi har alltid snakka om «butikken vår». Men no kan vi verkeleg kalle det eit varehus

Frå butikk til varehus

Elkjøp har i høve varehusopninga også utvida sortimentet generelt betrakteleg, spesielt når det gjeld kvitevarer. I tillegg er intensjonen at det skal vere lettare å prøve

og demonstrere lyd- og biletvare i butikken før ein kjøper dei. Så no framstår Elkjøp Florø meir som eit stort varehus enn ein liten butikk.

– Det er litt rart. Vi har alltid snakka om «butikken vår». Men no kan vi verkeleg kalle det eit varehus, seier Eliassen.

Utvidinga markerer også eit aldri så lite jubileum for Elkjøp i Florø. Laurdag feirar varehuset nlemg ti år i byen.

– Fantastisk

Ein av dei mange som fann vegen til Elkjøp-klondyket denne måndagen var senterleiar for Amfi i Florø, Miriam Nesje. Ho var på jakt etter ein 46-tommers flatskjerm.

– Elkjøp har blitt fantastisk. Dette er det finaste Elkjøp-varehuset og har sett på lenge, seier Nesje og legg til at det likevel er eit lite aber med heile Elkjøp-utvidinga.

– Det er berre synd det ikkje ligg på Amfisenteret, smiler ho.

Omsette for 36 millionar

FLORØ: Elkjøp i Florø hadde i 2010 ei omsetning på 36 millionar kroner. Det gjer at dei no tør å satse vidare, og utvide butikklokalet.

Men det er ei for såvidt vågal satsing å utvide i Florø, med tanke på storleiken på marknaden.

– Vi vil nok bruke svært mange år på å tene inn det utvidinga kostar. Men det er ein satsing som er vel overveid, seier varehussjef Thor Eliassen..

For det går ikkje så aller verst med omsetninga i Florø. I fjor la kundane til Elkjøp Florø att vel 36 millionar kroner. Det er like-

vel ein nedgang frå 38 millionar året før. Totalt omsette dei tre varehusa i Elkjøp Fjordane for vel 100 millionar kroner. Elkjøp Fjordane hadde i 2009 eit driftsresultat på 1,3 millionar kroner.

– Ei omsetning på 36 millionar får vi til gjennom å ha ei sunn og effektiv drift. Sjølv om Florø for så vidt er ein liten by, gjer denne forma for drift at vi no tør å satse på marknaden her og utvide, seier Eliassen.

Elkjøp feirar også 10 år i Florø. – Det har vore ti år med både oppturar og nedturar. No føler eg at vi har bygd ein butikk som gjer det naturleg for Flororfolk å handle her, seier Eliassen.



KØAR: Varehussjef Thor Eliassen i Elkjøp Florø kunne finne fram smilet måndag morgon. 35 inne i lokalet.



DUGNAD: F.v Hege Jørgensen (frivillig), dugnadsjef Isabella Flister, prosjektansvarleg Magne Hovden og styreleiar Jan Henrik Nygård.

Foto: Maiken Solbakken

Labert oppmøte til dugnadsarbeid

– Vi hadde håpa fleire tok turen, sa prosjektansvarleg Mange Hovden i Sørstrand Folkepark etter berre fem møte opp på dugnad.

MAIKEN AANNEVIK SOLBAKKEN
maiken@firdaposten.no

Kvar onsdag held den iherdige gjengen frå Sørstrand Folkepark dugnad. Onsdag i førre veke var inget unntak, men oppmøtet var heller labert.

– Vi sjølvsagt hadde håpa på

større oppmøte, men dei trår til dei som er her, så vi klarar oss bra, seier Magne Hovden.

Tilstades var fire styremedlem, og ein frivillig. Planen var å klargjere brensel til sankthansbålet, samt rake plenen slik at det kunne såast.

– Vi får ta resten neste onsdag, og satsar vi på at mange stiller opp då, ler dugnadsleiar Isabella Flister.

Vidare har gjengen allereie ferdigstilt ein parkeringsplass. Den er hundre meter etter Sørstrand

Barnehage i Sørstrandvegen.

– Det er viktig at folk nyttar vår parkeringsplassen vår. Vi skal med tida ha klar ein til, fortel Flister.

– Vidare er planen å ha klare bruene til jul, informerer styreleiar Jan Henrik Nygård.

På sankthansfeiringa neste torsdag vil det blir seldt støtte-medlemskap for 100 kroner.

– Då får alle livslangt medlemskap til folkeparken, fortel Nygård.